

# Overvaking av radioaktivitet i omgivnadene 2018

Resultat frå DSA sine Radnett- og luftfilterstasjonar og frå Sivilforsvaret si radiac-måleteneste



## Referanse

Møller B, Améen E, Drefvelin J, Gäfvert T, Tazmini K. Overvåking av radioaktivitet i omgivelsene 2018. DSA-rapport 2020:3. Østerås, Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet, 2020.

Publisert  
Sider

2020-05-08  
85

DSA,  
Postboks 329 Skøyen  
0213 Oslo,  
Norge.

## Emneord

Overvåking. Luftovervåking. Radioaktivitet i omgivelsene. Luftfilterstasjoner. Målenettverk. Radnett. Nedbør. Sivilforsvaret. Målelag.

Telefon  
Faks  
Email

67 16 25 00  
67 14 74 07  
dsa@dsa.no  
dsa.no

## Resymé

Rapporten omfatter beskrivelse og resultater fra Strålevernets RADNETT-, luftfilter-, og nedbørstasjoner og fra Sivilforsvarets målelag i 2018.

ISSN 2535-7339

## Reference

Møller B, Améen E, Drefvelin J, Gäfvert T, Tazmini K. Monitoring of radioactivity in the environment 2018. DSA Report 2020:3. Østerås: Norwegian Radiation and Nuclear Safety Authority, 2020. Language: Norwegian.

## Key words

Monitoring. Air monitoring. Airborne radioactivity. Air filter stations. Monitoring network. Radnett. Precipitation. Fallout. The Norwegian Civil Defence measurements patrols.

## Abstract

The Report summarizes the data from Norwegian Radiation and Nuclear Safety Authority and The Norwegian Civil Defence monitoring program for radioactivity in the environment in 2018. A short description of the systems is also present.

Prosjektleder: Bredo Møller.

*Godkjent:*

Kristin Elise Frogg, avdelingsdirektør, avdeling atomsikkerhet og miljø

# **Overvaking av radioaktivitet i omgivnadene 2018**

## **Resultat frå DSA sine Radnett- og luftfilterstasjonar og frå Sivilforsvaret si radiac-måleteneste**

# Innholdsfortegnelse

|                  |                               |           |
|------------------|-------------------------------|-----------|
| <b>Samandrag</b> |                               | <b>7</b>  |
| <b>Summary</b>   |                               | <b>9</b>  |
| <b>1</b>         | <b>Innleiing</b>              | <b>11</b> |
| 1.1              | Radnett                       | 11        |
| 1.2              | Luftfilterstasjonane          | 12        |
| 1.3              | Nedbør                        | 14        |
| 1.4              | Sivilforsvaret sine målepunkt | 15        |
| <b>2</b>         | <b>Måleresultat</b>           | <b>16</b> |
| 2.1              | Radnett                       | 16        |
| 2.1.1            | Longyearbyen                  | 17        |
| 2.1.2            | Mehamn                        | 17        |
| 2.1.3            | Hammerfest                    | 18        |
| 2.1.4            | Vardø                         | 18        |
| 2.1.5            | Sørkjosen                     | 19        |
| 2.1.6            | Tromsø                        | 19        |
| 2.1.7            | Karasjok                      | 20        |
| 2.1.8            | Svanhovd                      | 20        |
| 2.1.9            | Kautokeino                    | 21        |
| 2.1.10           | Harstad                       | 21        |
| 2.1.11           | Svolvær                       | 22        |
| 2.1.12           | Bodø                          | 22        |
| 2.1.13           | Mo i Rana                     | 23        |
| 2.1.14           | Brønnøysund                   | 23        |
| 2.1.15           | Snåsa                         | 24        |
| 2.1.16           | Hitra                         | 24        |
| 2.1.17           | Trondheim                     | 25        |
| 2.1.18           | Molde                         | 25        |
| 2.1.19           | Runde                         | 26        |
| 2.1.20           | Dombås                        | 26        |
| 2.1.21           | Drevsjø                       | 27        |
| 2.1.22           | Førde                         | 27        |
| 2.1.23           | Hamar                         | 28        |
| 2.1.24           | Hol                           | 28        |
| 2.1.25           | Bergen                        | 29        |
| 2.1.26           | Kjeller                       | 29        |
| 2.1.27           | Oslo                          | 30        |
| 2.1.28           | Vinje                         | 30        |
| 2.1.29           | Halden                        | 31        |
| 2.1.30           | Stavern                       | 31        |
| 2.1.31           | Stavanger                     | 32        |
| 2.1.32           | Kilsund                       | 32        |
| 2.1.33           | Lista                         | 33        |
| 2.2              | Luftfilterstasjonar           | 33        |
| 2.2.1            | Østerås                       | 34        |
| 2.2.2            | Sola                          | 35        |
| 2.2.3            | Ørland                        | 36        |



|          |   |           |
|----------|---|-----------|
| 2.2.4    | Svanhovd  | 37        |
| 2.2.5    | Skibotn38   |           |
| 2.2.6    | Viksjøfjell   | 39        |
| 2.2.7    | Svalbard  | 40        |
| 2.3      | Nedbør  | 41        |
| 2.4      | Sivilforsvaret sine målelag                                 | 41        |
| 2.4.1    | Aust-Agder Sivilforsvarsdistrikt                            | 42        |
| 2.4.2    | Buskerud Sivilforsvarsdistrikt                              | 42        |
| 2.4.3    | Hedmark Sivilforsvarsdistrikt                               | 43        |
| 2.4.4    | Hordaland Sivilforsvarsdistrikt                             | 43        |
| 2.4.5    | Midtre-Hålogaland Sivilforsvarsdistrikt                     | 44        |
| 2.4.6    | Møre og Romsdal Sivilforsvarsdistrikt                       | 44        |
| 2.4.7    | Nordland Sivilforsvarsdistrikt                              | 45        |
| 2.4.8    | Nord-Trøndelag Sivilforsvarsdistrikt                        | 45        |
| 2.4.9    | Oppland Sivilforsvarsdistrikt                               | 46        |
| 2.4.10   | Oslo og Akershus Sivilforsvarsdistrikt                      | 46        |
| 2.4.11   | Rogaland Sivilforsvarsdistrikt                              | 47        |
| 2.4.12   | Sogn og Fjordane Sivilforsvarsdistrikt                      | 47        |
| 2.4.13   | Sør-Trøndelag Sivilforsvarsdistrikt                         | 48        |
| 2.4.14   | Telemark Sivilforsvarsdistrikt                              | 48        |
| 2.4.15   | Troms Sivilforsvarsdistrikt                                 | 49        |
| 2.4.16   | Vest-Agder Sivilforsvarsdistrikt                            | 49        |
| 2.4.17   | Vest-Finnmark Sivilforsvarsdistrikt                         | 50        |
| 2.4.18   | Vestfold Sivilforsvarsdistrikt                              | 50        |
| 2.4.19   | Øst-Finnmark Sivilforsvarsdistrikt                          | 51        |
| 2.4.20   | Østfold Sivilforsvarsdistrikt                               | 51        |
| <b>3</b> | <b>Diskusjon og konklusjon</b>                              | <b>52</b> |
| 3.1      | Radnett   | 52        |
| 3.2      | Luftfilterstasjoner   | 53        |
| 3.3      | Nedbør  | 56        |
| 3.4      | Sivilforsvaret sine målelag                                 | 57        |
|          | <b>Referansar</b>   | <b>59</b> |
|          | <b>Vedlegg 1: Sivilforsvarets målingar - etter distrikt</b> | <b>60</b> |
|          | <b>Vedlegg 2: Andre målingar</b>                            | <b>85</b> |



# Samandrag

## Automatisk målenettverk – Radnett

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) har ansvaret for eit landsdekkjande varslingsnettverk av 33 stasjonar som kontinuerleg måler stråling i omgivnadene. Nettverket blei etablert i åra etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 og blei oppgradert og modernisert i perioden 2006–2010. I 2018 var alle stasjonane operative.

Formålet med målenettverket er å gi tidleg varsel i tilfelle eit ukjent radioaktivt utslepp rammar Noreg. Vidare vil målingane frå nettverket vere ein viktig del av beslutningsgrunnlaget til Kriseutvalget for atomberedskap i ein tidlig fase etter eit utslepp av radioaktive stoff til lufta.

Variasjonen i det totale strålenivået frå stasjon til stasjon skuldast lokale forhold som førekomstar av naturleg radioaktivitet i bakken og omgivnadene [1]. Felles for dei stasjonane som er plasserte nær bakkenivå, er at stråleintensiteten er lågare i vintermånadene samanlikna med sommarmånadene. Grunnen til dette er snø på bakken som dempar stråling frå grunnen.

Ein kan ofte sjå ein auke i stråleintensiteten over kort tid. Grunnen til dette er utvasking av naturleg radon og radondøtrer frå omgivnadene. Dette skjer under kraftige regnbyer der kortliva radondøtrer blir vaska ned til bakken og er årsak til såkalla "radontoppar". På grunn av den korte halveringstida til radondøtrene er doseraten tilbake på normalt nivå få timar etter ei regnbye. Desse kortvarige forhøgningane i doseratenivå kan lesast i plotta som sporadiske spisse toppar.

Det blei registrert 0 reelle alarmar frå Radnett-stasjonane i 2018. Det har generelt vore ein nedgang i talet på stasjonar som har vore ute av funksjon dei siste åra. To stasjonar (Drevsjø og Kilsund) var nede over ei veke i 2018, og disse var dei einaste stasjonane som var nede i meir enn 24 timer.

## Luftfilterstasjonar

DSA har seks luftfilterstasjonar. Tre er plasserte i nord, to i sør og ein i Midt-Noreg. Stasjonane er viktige for kartlegging av radioaktivitet i luft og for å vurdere storleik på og samansetnad av utslepp ved uhell og ulykker. Tilsvarande stasjonar finst i heile Europa, og samarbeid mellom landa kan gjer det mogleg å spore eventuelle utslepp av radioaktive stoff.

Rapporten omfattar antropogene<sup>1</sup> nuklidar som er påvist i 2018 med vekt på cesium-137 (Cs-137) og jod-131 (I-131). Kjelda til Cs-137 er i all hovudsak nedfallet etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 og nedfallet etter dei atmosfæriske prøvesprengingane av atomvåpen på 50- og 60-talet.

På grunn av den lange halveringstida (30 år) måler ein i dag Cs-137 meir eller mindre overalt i miljøet, medan I-131 med ei halveringstid på 8 dagar berre kan påvisast dersom eit relativt nytt utslepp har skjedd.

Rapporten viser at konsentrasjonane av Cs-137 i luft ved dei tre luftfilterstasjonane i nord er lågare enn konsentrasjonane ved stasjonane som er plassert i sør. Dette skuldast at det generelt er meir att av nedfallet etter Tsjernobyl-ulykka i sør samanlikna med nord.

Dei høgaste enkeltverdiene av Cs-137 i luft i 2018 er frå veke 7 og veke 10 ved Østerås med rett under 1  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  ved begge høva, dette svarar til rundt 3 gongar det som er normalt ved denne stasjonen. Elles viser resultatata for Cs-137 ingen unormale verdiar som ikkje skuldast det vi kan kalle naturleg variasjon. Denne variasjonen inneber tidvis oppvirvling av støv frå Tsjernobyl-nedfallsområde som blir fanga opp igjen av luftsugaren. Dette blir kalla resuspensjon og kan forklare enkelte små forhøgja nivå av Cs-137 i

---

<sup>1</sup> Menneskeskapt eller «ikkje-naturleg»

luft. Dei enkelte svakt forhøgja verdiane av Cs-137 som vart fanga opp av luftfilterstasjonane i 2018 har ikkje negativ innverknad på helse eller miljø.

#### I 2018 blei det ved ein rekke tilfelle påvist I-131 i luft over Noreg:

- I januar (veke 2) blei det påvist 0.4  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  på Ørland i Trøndelag.
- I januar (veke 3) blei det påvist 0.5  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  i Skibotn i Troms.
- I januar (veke 4) blei det påvist 0.2  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  på Østerås i Akershus.
- I februar (veke 6) blei det påvist 0.5  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og 0.3  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  på hhv. Viksjøfjell og Svanhovd i Finnmark.
- I mars (veke 10) blei det påvist jod ved alle seks stasjonane i Noreg (0.2 - 0.8  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ )
- I april (veke 15) blei det påvist 0.7  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  på Ørland i Trøndelag.
- I august (veke 33) blei det påvist 0.2  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  på Svanhovd i Finnmark.

Alle desse konsentrasjonane er så låge at dei så vidt var mogleg å påvise, og langt lågare enn det som fører til risiko for helsa. Kjelda til utslapp er ikkje kjent, men vart også påvist andre stader i Europa [7].

I veke 19 vart det målt små mengder radioaktivt kobolt (Co-60) på luftfilterstasjonen i Skibotn i Troms. Tilsvarande målingar vart gjort i Finland og Estland. Konsentrasjonane var så låge at dei ikkje utgjorde nokon risiko for menneske og miljø. Det er uklart kvar utslippet kom frå [8].

### **Nedbør**

DSA har to nedbørsamlarar av type RITVA 300. Den eine er plassert på taket på hovudkontoret på Østerås og den andre på Svanhovd. Samlarane har vore i drift i heile 2018.

Som for luftfilterstasjonane omfattar resultatane antropogene<sup>2</sup> nuklidar. I tillegg vel vi å rapportere den naturlege nukliden beryllium-7 (Be-7) som har sit opphav frå kosmisk stråling som blir fanga opp av regn og konsentrert opp i ionebyttmassa i nedbørsamlaren.

Det har ikkje blitt påvist aktivitet over deteksjonsgrensa for dei antropogene nuklidane ved dei to stasjonane i løpet av 2018.

### **Sivilforsvaret sine målelag**

Sivilforsvaret har 128 målelag spreidd over heile landet. Laga gjennomfører målingar 3–4 gonger i året på faste målepunkt for å kartleggje bakgrunnsstrålinga i Noreg og for å halde ved lag beredskapen. Måledata frå rundt 350 målepunkt blir rapportert inn til DSA. Resultat frå desse faste målingane blir presenterte i rapporten.

Totalt blei det rapportert inn 1086 måleresultat i 2018. Alle distrikta har rapportert. Med 76 resultat var det Hedmark sivilforsvarsdistrikt som rapporterte flest målingar.

Østfold sivilforsvarsdistrikt har i snitt høgast doserate på referansemålingane, og Øst-Finnmark sivilforsvarsdistrikt har lågast doserate. Ingen av resultatane frå 2018 er sett på som unormalt høge samanlikna med naturleg radioaktiv bakgrunn.

---

<sup>2</sup> Menneskeskapt eller «ikkje-naturleg»

# Summary

## Early warning network – Radnett

The Norwegian Radiation and Nuclear Safety Authority (DSA) is responsible for a national early warning network that continuously measures radioactivity in the surroundings. The network was initially established in 1986 following the Chernobyl accident, and modernised between 2006 and 2010. During 2018 all 33 stations were operational.

The main purpose of the network is to detect and alert Norway to the presence of radioactive releases to the atmosphere. In addition, the measurement results from the network provide an important input to the Crisis Committee for Nuclear Preparedness which is responsible for protective actions during the early phase of any nuclear or radiological incident.

Radnett stations located close to the ground tend to show lower values during winter season compared to summer season. This seasonal difference is due to the shielding effect of snow, which reduces the amount of natural radiation from the ground that the Radnett stations can detect. The observed differences in radiation levels between stations is due to inherent variations in the levels of natural radiation from the ground and the surroundings.

Short-term increase in radiation levels occur quite often for most stations. This is caused by a natural effect called radon washout. Radon gas and its daughter nuclides are washed out of the air during heavy rain showers. Due to the short half-life of these nuclides, the effect typically lasts for only a few hours.

There were no actual emergency alarms during 2018, and the overall reliability of the network has improved. In only two cases were stations offline for more than 24 hours in 2018.

## High volume air samplers

DSA operates six high volume air samplers. Three of them are located in the North, one in Mid-Norway and two in the South. The stations monitor the composition and amount of radioactive nuclides in the air on a weekly basis. Similar stations are located all over Europe. Through cooperation between different countries, it can be possible to trace the origin of any radioactive release that is detected.

This report summarises the anthropogenic nuclides identified in 2018, which were mainly caesium-137 (Cs-137) and iodine-131 (I-131). Traces of Cs-137 originate from the Chernobyl accident in 1986 and atmospheric nuclear weapons testing during the 50s and 60s.

Due to the long half-life of Cs-137 (30 years) it is still possible to detect this radionuclide almost everywhere in the environment as a result of earlier releases. I-131 with its short half-life (8 days) can only be detected within a relatively short time window, at trace-levels this means only weeks or even days following any new release.

In general, this report shows that higher levels were observed at the three southern stations compared to the three in the North. This difference is due to the fact that the southern part of Norway received far greater contamination from the Chernobyl accident compared to the northern part of Norway.

The highest values of Cs-137 in air in 2018 were from week 7 and week 10 at Østerås with just under 1  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ , which corresponds to about 3 times the normal levels observed at this station. Otherwise, the results for Cs-137 show no abnormal values other than effects caused by natural variation due to the resuspension of Cs-137 from the ground by winds. This effect is most often seen in areas with higher levels of Chernobyl contamination.

I-131 was detected on a number of occasions in Norway during 2018:

- In January (week 2) detection of 0.4  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  at Ørland in Trøndelag county.
- In January (week 3) detection of 0.5  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  at Skibotn in Troms county.
- In January (week 4) detection of 0.2  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  at Østerås in Oslo and Akershus county.
- In February (week 6) detection of 0.5  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  and 0.3  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  at Viksjøfjell and Svanhovd in Finnmark county.
- In March (week 10) detection at all six stations (0.2 – 0.8  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ ).
- In April (week 15) detection of 0.7  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  at Ørland in Trøndelag county.
- In August (week 33) detection of 0.2  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  at Svanhovd in Finnmark county.

The sources of release are unknown. However, the activity concentrations observed were low, close to the analytical detection limit and of no risk for the population.

In week 19 (May), small amounts of radioactive cobalt (Co-60) were detected at the air filter station in Skibotn in Troms county. Corresponding measurements were made in both Finland and Estonia. The concentrations were very low and did not pose any risk to humans and the environment. The source of this release is unknown [8].

### **Precipitation samplers**

DSA has two RITVA 300 precipitation samplers for the monitoring of radionuclides in rain and snowfall. One is located on the roof of the main office at Østerås and the other is located at the emergency preparedness unit at Svanhovd. The samplers have been in operation throughout 2018.

This report summarises the anthropogenic nuclides identified in 2018. In addition, we report beryllium-7 (Be-7) originating from natural cosmic radiation.

There were no detections of anthropogenic nuclides in the precipitation in 2018.

### **The Norwegian Civil Defense measurement patrols**

The Norwegian Civil Defense (Sivilforsvaret) operates 128 measurement teams located all over the country. Each year every patrol performs 3-4 measurements on fixed reference locations. The purpose of the measurements is to map natural radiation background levels and to maintain the measurement competence of the personnel to be used in case of an emergency. Measurement data from about 350 locations are reported to DSA. A total of 1086 performed measurements from 2018 are presented in this report.


Typically, the highest dose rates are reported from Østfold county in the South of Norway, with the lowest values reported from Øst-Finnmark (Northern Norway). In 2018, none of the reported measurements showed any unusual differences compared to expected values from natural background radiation levels.

# 1 Innleiing

## 1.1 Radnett

Direktoratet for strålevern og atomtryggleik (DSA) har ansvaret for eit landsdekkjande varslingsnettverk av 33 stasjonar som kontinuerleg måler radioaktivitet i omgivnadene. Nettverket blei etablert i åra etter Tsjernobyl-ulykka i 1986, og blei oppgradert og modernisert i perioden 2006–2008. I 2010 blei nettverket utvida med fem nye stasjonar. Disse var Runde, Hitra, Svolvær, Sørkjosen og Kautokeino. Formålet med målenettverket er å gi eit tidleg varsel i tilfelle eit ukjent radioaktivt utslepp rammar Noreg. Vidare vil målingane frå nettverket vere ein viktig del av beslutningsgrunnlaget til Kriseutvalget for atomberedskap i ein tidlig fase etter eit utslepp.

Ein stasjon består av to utvendige detektorar og ein dataloggar plassert i eit skap. Detektorane er anten plasserte på ei tre meter høg mast som står på bakken, eller på bygningar. Den eine detektoren måler radioaktivitet i omgivnadene, den andre detektoren er ein nedbørssensor som registrerer om det er nedbør eller ikkje. Dette gir verdifull informasjon ved ei hending då bakken blir meir forureina av radioaktivitet når det er nedbør. Nedbørsinformasjonen er også nødvendig for å verifisere alarmer som skuldast radonutvasking.



Figur 1: Kartet viser kor målestasjonane er plasserte. Biletet er av målestasjonen i Longyearbyen på Svalbard. Foto: DSA.

Figur 1 viser kart med plassering av dei 33 automatiske målestasjonane i Noreg. Det er minimum ein i kvart fylke og ein på Svalbard. Finnmark har seks stasjonar pga. storleiken og nærleiken til Nordvest-Russland. Tabell 1 på neste side listar opp alle stasjonane med stad, posisjon, fysisk plassering og når dei blei sette i drift. Plasseringa er oppgitt som «bakkenivå» for stasjonar som står på bakken, og «bygning» for stasjonar som er plasserte på bygningstak e.l. Detaljar om Radnett finst i rapporten for 2007 [2] og i StrålevernInfo 1:2009 [3].

Tabell 1: Liste over alle Radnett-stasjonane med stad, posisjon, plassering og dato for når dei blei sette i drift.

| Stad (fylke)              | Posisjon             | Plassering | I drift        |
|---------------------------|----------------------|------------|----------------|
| Longyearbyen (Svalbard)   | 78° 13' N, 15° 37' Ø | Bakkenivå  | September 2006 |
| Mehamn (Finnmark)         | 71° 01' N, 27° 49' Ø | Bakkenivå  | Oktober 2006   |
| Hammerfest (Finnmark)     | 70° 40' N, 23° 39' Ø | Bygning    | Oktober 2006   |
| Vardø (Finnmark)          | 70° 22' N, 31° 05' Ø | Bakkenivå  | Januar 2007    |
| Sørkjosen (Troms)         | 69° 35' N, 20° 58' Ø | Bygning    | April 2010     |
| Tromsø (Troms)            | 69° 39' N, 18° 56' Ø | Bakkenivå  | Oktober 2006   |
| Karasjok (Finnmark)       | 69° 28' N, 25° 31' Ø | Bakkenivå  | September 2006 |
| Svanhovd (Finnmark)       | 69° 27' N, 30° 02' Ø | Bakkenivå  | September 2006 |
| Kautokeino (Finnmark)     | 69° 35' N, 25° 19' Ø | Bakkenivå  | April 2010     |
| Harstad (Troms)           | 68° 48' N, 16° 32' Ø | Bakkenivå  | Oktober 2006   |
| Svolvær (Nordland)        | 68° 13' N, 14° 35' Ø | Bygning    | Mai 2010       |
| Bodø (Nordland)           | 67° 17' N, 14° 23' Ø | Bygning    | Januar 2007    |
| Mo i Rana (Nordland)      | 66° 18' N, 14° 08' Ø | Bygning    | Desember 2006  |
| Brønnøysund (Nordland)    | 65° 27' N, 12° 12' Ø | Bakkenivå  | November 2006  |
| Snåsa (Nord-Trøndelag)    | 64° 14' N, 12° 23' Ø | Bakkenivå  | Januar 2007    |
| Hitra (Sør-Trøndelag)     | 63° 38' N, 08° 41' Ø | Bakkenivå  | August 2010    |
| Trondheim (Sør-Trøndelag) | 63° 24' N, 10° 28' Ø | Bakkenivå  | November 2006  |
| Molde (Møre og Romsdal)   | 62° 45' N, 07° 12' Ø | Bakkenivå  | November 2006  |
| Runde (Møre og Romsdal)   | 62° 23' N, 05° 39' Ø | Bakkenivå  | Mars 2010      |
| Dombås (Oppland)          | 62° 04' N, 09° 07' Ø | Bakkenivå  | Desember 2006  |
| Drevsjø (Hedmark)         | 61° 53' N, 12° 02' Ø | Bakkenivå  | Oktober 2006   |
| Førde (Sogn og Fjordane)  | 61° 27' N, 05° 50' Ø | Bakkenivå  | April 2007     |
| Hamar (Hedmark)           | 60° 49' N, 11° 04' Ø | Bakkenivå  | Oktober 2006   |
| Hol (Buskerud)            | 60° 34' N, 08° 24' Ø | Bakkenivå  | Januar 2007    |
| Bergen (Hordaland)        | 60° 23' N, 05° 20' Ø | Bygning    | Oktober 2006   |
| Kjeller (Akershus)        | 59° 58' N, 11° 03' Ø | Bakkenivå  | August 2007    |
| Oslo (Oslo)               | 59° 56' N, 10° 43' Ø | Bakkenivå  | August 2006    |
| Vinje (Telemark)          | 59° 36' N, 07° 51' Ø | Bakkenivå  | Oktober 2006   |
| Halden (Østfold)          | 58° 59' N, 11° 31' Ø | Bygning    | Februar 2008   |
| Stavern (Vestfold)        | 58° 59' N, 10° 02' Ø | Bakkenivå  | November 2007  |
| Stavanger (Rogaland)      | 58° 57' N, 05° 43' Ø | Bakkenivå  | Mars 2007      |
| Kilsund (Aust-Agder)      | 58° 31' N, 08° 54' Ø | Bakkenivå  | August 2006    |
| Lista (Vest-Agder)        | 58° 07' N, 06° 33' Ø | Bakkenivå  | Mai 2007       |

## 1.2 Luftfilterstasjonane

DSA har i dag seks luftfilterstasjonar. Tre er plasserte i nord, to i sør og ein i Midt-Noreg. Figur 2 viser kart over plassering, og tabell 2 viser posisjon og året dei blei sette i drift. Stasjonane er viktige for å kartlegge radioaktivitet i luft og for å vurdere storleik på og samansetnad av utslepp ved uhell og ulykker.




Tilsvarende stasjonar finst i heile Europa, og samarbeidet mellom landa gjer det ofte mogleg å spore kvar eventuelle utslepp av radioaktive stoff kjem frå.

Alle luftfilterstasjonane har same prinsipp for å ta prøver av luft, men dei varierer noko i kapasitet og effektivitet etter modell. Felles for alle stasjonane er at store mengder luft blir pumpa gjennom eit spesialfilter med høg tettleik der små partiklar (aerosolar) blir fanga opp. Filteret blir skifta kvar veke og sendt til Strålevernet sine laboratorium for analyse.

Nokre av luftfilterstasjonane er også utstyrte med eit spesialimpregnert kolfilter som tek opp radioaktivt jod i gassform. Kolfilteret blir bytta kvar månad og analysert i dei tilfella der radioaktivt jod blir påvist på partikkelfilteret, eller når ein har mistanke om at det har skjedd eit utslepp.

Ein tidlegare utgitt rapport beskriv luftfilterstasjonane og analysane meir i detalj [4].

På vegne av norske myndigheiter har NORSAR på Kjeller ansvar for drifta av ein luftfilterstasjon på Platåberget i Longyearbyen på Svalbard. Denne stasjonen inngår i overvåkingsnettverket for Prøvestansavtalen (CTBT - Comprehensive Nuclear-Test-Ban Treaty). DSA har tilgang til data frå denne stasjonen som ledd i eit teknisk samarbeid mellom NORSAR og DSA. Resultat også frå denne stasjonen er presentert i rapporten.



Figur 2: Kartet viser kor luftfilterstasjonane er plassert. Bildet er av luftfilterstasjonen på Svanhovd. Foto: DSA.


Tabell 2: Liste over luftfilterstasjoner med stad, posisjon og dato for når dei blei sett i drift

| Stad   | Posisjon             | I drift frå      |
|--|----------------------|------------------|
| Østerås (hovudkontor, DSA)                     | 59° 55' N, 10° 33' Ø | 1980 (ny i 2009) |
| Stavanger (Sola flystasjon)                    | 58° 52' N, 05° 37' Ø | 2002             |
| Ørland (Ørland flystasjon)                     | 63° 42' N, 09° 36' Ø | 2017             |
| Skibotn (ved Lyngenfjorden)                    | 69° 22' N, 20° 17' Ø | 1990             |
| Viksjøfjell (Forsvaret sin stasjon i Kirkenes) | 69° 36' N, 30° 44' Ø | 1995             |
| Svanhovd (DSA)                                 | 69° 28' N, 30° 03' Ø | 1993 (ny i 2015) |

### 1.3 Nedbør

DSA har i dag to nedbørsamlarar. Den eine er plassert på taket på hovudkontoret på Østerås og den andre på Svanhovd i Sør-Varanger, Finnmark. Samlarane har vore i drift i heile 2018.

Nedbør vert fanga opp gjennom ei enkel innretning som samlar både våt og tørr deposisjon gjennom ei trakt av syrefritt stål. Det som blir fanga opp blir deretter ført gjennom ionebyttemasse for å få eit effektivt opptak av radionuklidar. Ionebyttemassen blir bytta kvar måned og analysert ved DSA sine laboratorium.




Figur 3: Kartet viser kor nedbørsamlarane er plassert. Bildet er av ein nedbørsamlar på Svanhovd. Foto: DSA.

Ionebyttemassen blir etter kvart analysert med høgoppløysleg gammaspektrometri for å identifisere og kvantifisere radioaktive stoff i nedbøren. Restvatnet (minimum 100 ml) som har blitt filtrert gjennom massen blir i tillegg analysert for tritium ved hjelp av væskescintillasjon.

## 1.4 Sivilforsvaret sine målepunkt

Sivilforsvaret si målelagteneste, radiactenesta, er ein viktig del av norsk atomberedskap m.a. for å sikre gode referansemålingar (bakgrunnsmålingar) av radioaktivitet i omgivnadene. Laga inngår i den nasjonale måleberedskapen og utfører regelmessige bakgrunnsmålingar på rundt 350 faste målepunkt. Hensikta med målingane er å kartleggje normalsituasjon, og for å halde ved like måleberedskapen. Figur 4 viser kart over rapporterte målepunkt i 2018.

Det er oppretta 128 lag på landsbasis fordelt på 20 distrikt. Tabell 3 viser ei oversikt over talet på aktive lag i kvart distrikt. Dei er organiserte med éin lagfører, to mannskap og éin reserve. I tillegg til dei faste, regelmessige målingane blir laga aktivisert på førespurnad frå Kriseutvalget for atomberedskap, DSA, fylkesmennene eller dei lokale nødetatane i sivilforsvarsdistriktet.



Tabell 3: Oversikt over tal på aktive lag i distrikta som gjennomførte bakgrunnsmålingar i 2018, og i tillegg det totale talet på lag i distriktet. Foto: Sivilforsvaret.

| Distrikt          | Tal på lag |        |
|-------------------|------------|--------|
|                   | 2018       | Totalt |
| Aust-Agder        | 3          | 3      |
| Buskerud          | 7          | 7      |
| Hedmark           | 7          | 8      |
| Hordaland         | 8          | 8      |
| Midtre-Hålogaland | 8          | 8      |
| Møre og Romsdal   | 7          | 7      |
| Nordland          | 7          | 7      |
| Nord-Trøndelag    | 6          | 6      |
| Oppland           | 7          | 7      |
| Oslo og Akershus  | 6          | 6      |

| Distrikt         | Tal på lag |        |
|------------------|------------|--------|
|                  | 2018       | Totalt |
| Rogaland         | 6          | 6      |
| Sogn og Fjordane | 6          | 6      |
| Sør-Trøndelag    | 6          | 7      |
| Telemark         | 7          | 8      |
| Troms            | 6          | 6      |
| Vest-Agder       | 3          | 3      |
| Vest-Finnmark    | 6          | 6      |
| Vestfold         | 5          | 5      |
| Øst-Finnmark     | 6          | 8      |
| Østfold          | 6          | 6      |

## 2 Måleresultat

### 2.1 Radnett

Ein Radnett-stasjon måler stråling i omgivnadene. Målingane er oppgitt i eininga doserate ( $\mu\text{Sv/h}$ ). Dose er ein storleik som beskriv kor mykje skade stråling påfører menneskekroppen . Eininga til dose er sievert og har nemninga Sv. Doserate er dose per tidseining og blir angitt med eininga sievert i timen som har nemninga Sv/h. Målingane frå Radnett er angitt i mikrosievert i timen ( $\mu\text{Sv/h}$ ) . Normalt ligg doseraten rundt  $0,1 \mu\text{Sv/h}$  som inkluderer bidrag frå naturleg radioaktivitet i bakken og lufta og frå kosmisk stråling.

De fleste stasjonane er plasserte på bakkenivå, og for desse kjem årstidsvariasjon tydelegare fram enn for dei som er plasserte på ein bygning. Dette skuldast at bakken inneheld naturleg radioaktivitet [1]. Når snøen legg seg, vil han skjerme for strålinga frå bakken, og stasjonen måler mindre. Derfor vil målestasjonar som står på bakken, måle lågare verdiar om vinteren enn om sommaren.


Radontoppar er eit fenomen der ein kan sjå ein auke i strålenivåa over kort tid. Dette skuldast utvasking av radondøtrer frå omgivnadene. Dette skjer under kraftige regnbyer der kortliva radondøtrer blir vaska ned på bakken og forårsakar radontoppar. På grunn av den korte halveringstida har desse ei avgrensa varigheit på nokre timar, og kan lesast i plotta som sporadiske spisse toppar.

På dei neste sidene følger gjennomsnittleg doserate per time gjennom året for kvar stasjon sortert frå nord til sør, med ein kort kommentar til måleresultata. Radontoppar går igjen i alle grafane og blir ikkje kommentert nærmare utover det som er nemnt over.

Eit generelt alarmkriteria er ein dobling av doseraten samanlikna med doseraten frå bakgrunnen over dei siste 10 dagane.

I 2018 blei alle stasjonane kontrollerte og testa med omsyn til bl.a. batteri og tekniske komponentar som nedbørsensor og strålesensor. Dei fleste stasjonane blei også teste med ei kjelde og desse testane kan ses i grafane som tydelege toppar.


### 2.1.1 Longyearbyen



Figur 5: Timemidla doserate for målestasjonen i Longyearbyen 2018

Stasjonen i Longyearbyen viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei ikkje testa i 2018.


### 2.1.2 Mehamn



Figur 6: Timemidla doserate for målestasjonen i Mehamn 2018

Stasjonen i Mehamn viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 8. august.


### 2.1.3 Hammerfest



Figur 7: Timemidla doserate for målestasjonen i Hammerfest 2018

Stasjonen i Hammerfest er plassert på eit tak høgt over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 6. august.


### 2.1.4 Vardø



Figur 8: Timemidla doserate for målestasjonen i Vardø 2018

Stasjonen i Vardø viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa over et kort tidsintervall 7. februar.


### 2.1.5 Sørkjosen



Figur 9: Timemidla doserate for målestasjonen i Sørkjosen 2018

Stasjonen i Sørkjosen viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 19. april.


### 2.1.6 Tromsø



Figur 10: Timemidla doserate for målestasjonen i Tromsø 2018

Stasjonen i Tromsø viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 18. april.


### 2.1.7 Karasjok



Figur 11: Timemidla doserate for målestasjonen i Karasjok 2018

Stasjonen i Karasjok viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 28. august.

### 2.1.8 Svanhovd




Figur 12: Timemidla doserate for målestasjonen på Svanhovd 2018

Stasjonen på Svanhovd viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa over et kort tidsintervall 5. februar.




### 2.1.9 Kautokeino



Figur 13: Timemidla doserate for målestasjonen i Kautokeino 2018

Stasjonen i Kautokeino viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 27. august.


### 2.1.10 Harstad



Figur 14: Timemidla doserate for målestasjonen i Harstad 2018

Stasjonen i Harstad viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 6. desember.


### 2.1.11 Svolvær



Figur 15: Timemidla doserate for målestasjonen i Svolvær 2018

Stasjonen i Svolvær er plassert på ein bygning høgt over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 26. april.


### 2.1.12 Bodø



Figur 16: Timemidla doserate for målestasjonen i Bodø 2018

Stasjonen i Bodø er plassert på ein bygning over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 21. juni.


### 2.1.13 Mo i Rana



Figur 17: Timemidla doserate for målestasjonen i Mo i Rana 2018

Stasjonen i Mo i Rana er plassert på ein bygning høgt over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 1. oktober.


### 2.1.14 Brønnøysund



Figur 18: Timemidla doserate for målestasjonen i Brønnøysund 2018

Stasjonen i Brønnøysund viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 28. juni.


### 2.1.15 Snåsa



Figur 19: Timemidla doserate for målestasjonen på Snåsa 2018

Målestasjonen på Snåsa viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 28. juni.


### 2.1.16 Hitra



Figur 20: Timemidla doserate for målestasjonen på Hitra 2018

Stasjonen på Hitra viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 11. april.


### 2.1.17 Trondheim



Figur 21: Timemidla doserate for målestasjonen i Trondheim 2018

Stasjonen i Trondheim viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 11. april.


### 2.1.18 Molde



Figur 22: Timemidla doserate for målestasjonen i Molde 2018

Stasjonen i Molde viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 17. mars.


### 2.1.19 Runde



Figur 23: Timemidla doserate for målestasjonen på Runde 2018

Stasjonen på Runde viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 19. mars.


### 2.1.20 Dombås



Figur 24: Timemidla doserate for målestasjonen på Dombås 2018

Stasjonen på Dombås viser en tydelig og normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 16. mars.


### 2.1.21 Drevsjø



Figur 25: Timemidla doserate for målestasjonen på Drevsjø 2018

Stasjonen på Drevsjø viser normal årstidsvariasjon. Avbrota i juli skuldast bortfall av straum. Stasjonen blei testa 16. mars.


### 2.1.22 Førde



Figur 26: Timemidla doserate for målestasjonen i Førde 2018

Stasjonen i Førde viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 19. mars.


### 2.1.23 Hamar



Figur 27: Timemidla doserate for målestasjonen i Hamar 2018

Stasjonen i Hamar viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa over et kort tidsintervall 15. august.

### 2.1.24 Hol




Figur 28: Timemidla doserate for målestasjonen i Hol 2018

Stasjonen i Hol viser tydeleg normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 13. juli.




### 2.1.25 Bergen



Figur 29: Timemidla doserate for målestasjonen i Bergen 2018

Stasjonen i Bergen er plassert på ein bygning høgt over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 22. mars.


### 2.1.26 Kjeller



Figur 30: Timemidla doserate for målestasjonen på Kjeller 2018

Stasjonen på Kjeller viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 15. februar.


### 2.1.27 Oslo



Figur 31: Timemidla doserate for målestasjonen i Oslo 2018

Stasjonen i Oslo viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa over et kort tidsintervall 15. februar.


### 2.1.28 Vinje



Figur 32: Timemidla doserate for målestasjonen i Vinje 2018

Stasjonen i Vinje viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 8. mai.


### 2.1.29 Halden



Figur 33: Timemidla doserate for målestasjonen i Halden 2018

Stasjonen i Halden viser liten årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 1. august.


### 2.1.30 Stavern



Figur 34: Timemidla doserate for målestasjonen i Stavern 2018

Stasjonen i Stavern viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei ikkje testa i 2018.


### 2.1.31 Stavanger



Figur 35: Timemidla doserate for målestasjonen i Stavanger 2018

Stasjonen i Stavanger viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 13. juni.


### 2.1.32 Kilsund



Figur 36: Timemidla doserate for målestasjonen i Kilsund 2018

Stasjonen i Kilsund viser normal årstidsvariasjon. Stasjonen blei flytta til Krøgenes i desember og har difor endra doserate. Stasjonen blei ikkje testa i 2018.

### 2.1.33 Lista



Figur 37: Timemidla doserate for målestasjonen på Lista 2018

Stasjonen på Lista viser ingen årstidsvariasjon. Stasjonen blei testa 5. juli.

## 2.2 Luftfilterstasjoner

Alle luftfilterstasjonane har same prinsipp for å ta prøver av luft, men varierer i kapasitet og effektivitet etter modell. Felles for alle stasjonane er at store mengder luft blir pumpa gjennom eit spesialfilter med høg tettleik der små partiklar i lufta (aerosolar) blir fanga opp. Filteret blir bytta kvar veke og blir analysert med høgoppløyselig gammaspektrometri for å identifisere og kvantifisere radioaktive stoff i lufta. Luftfilterstasjonane går kontinuerleg og har ei normal opptid på rundt 98 %, der drifta berre blir avbroten av planlagt service, korte straumbrot og ved skifte av filter.


Nokre av luftfilterstasjonane er også utstyrt med eit spesialimpregnert kolfilter som tek opp radioaktivt jod i gassform. Kolfilteret blir bytta kvar månad og blir analysert i dei tilfella der radioaktivt jod blir påvist på partikkelfilteret, eller når ein har mistanke om at det er skjedd eit utslepp.

Resultata frå luftfilterstasjonane er midla over éi veke der aktiviteten er korrigert til ei gitt referansetid som er midt mellom start og stopp for den aktuelle veka. Resultata for dei enkelte vekene har ein usikkerheit på 30-60% og kan difor nokon gongar sjå ut til å ligge under deteksjonsgrensa (MDA). MDA er for øvrig markert med ei blå linje i kvar figur. Raud vertikal stipla linje i grafane markerer eit teknisk avvik ved luftfilterstasjonen, dvs. eit filter ikkje har kunna blitt analysert av ulike årsaker.

Målingane er oppgitte i eininga for radioaktivitet per volumeining. Eininga til radioaktivitet er becquerel og blir forkorta Bq. Éin becquerel er definert som éin desintegrasjon (også kalla kjerne-omdanning) per sekund. Målingane frå luftfilterstasjonane er angitt i mikrobecquerel per kubikkmeter luft ( $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ ).


På dei neste sidene følgjer årsploTT frå kvar luftfilterstasjon for Cs-137 og I-131 og ein kort kommentar følgjer kvar graf.

## 2.2.1 Østerås



Figur 38: Førekost av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Østerås.


Cs-137 blei funne på 53 av 53 filter i 2018. Stasjonen hadde ingen tekniske avvik og det var ingen resultat som skilte seg ut frå det normale dette året. Gjennomsnittsverdien på filtra med påvist Cs-137 ligg på 0,3  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og maksverdien ligg på 0,9  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .



Figur 39: Førekost av I-131 på luftfilterstasjonen på Østerås.


I løpet av veke 4, 10 og 15 blei det påvist I-131 med ein konsentrasjon på hhv. 0,2 og 0,7 og 0,7  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .

## 2.2.2 Sola



Figur 40: Førekost av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Sola.


Cs-137 blei funne på 40 av 52 filter i 2018. Stasjonen hadde ingen tekniske avvik og det var ingen resultat som skilte seg ut frå det normale dette året. Gjennomsnittsverdien på filtra med påvist Cs-137 ligg på  $0,2 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og maksverdien ligg på  $0,5 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .



Figur 41: Førekost av I-131 på luftfilterstasjonen på Sola.


I løpet av veke 10 blei det påvist I-131 med ein konsentrasjon på  $0,2 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .

### 2.2.3 Ørland



Figur 42: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Ørland.

Cs-137 blei funne på 47 av 52 filter i 2018. Stasjonen hadde ingen tekniske avvik og det var ingen resultat som skilte seg ut frå det normale dette året. Gjennomsnittsverdien på filtra med påvist Cs-137 ligg på 0,3  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og maksverdien ligg på 0,7  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .




Figur 43: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen på Ørland.

I løpet av veke 2 og 10 blei det påvist I-131 med ein konsentrasjon på 0,4 og 0,8  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .




## 2.2.4 Svanhovd



Figur 44: Førekost av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Svanhovd.


Cs-137 blei funne på 23 av 53 filter i 2018. Stasjonen hadde ingen tekniske avvik og det var ingen resultat som skilte seg ut frå det normale dette året. Gjennomsnittsverdien på filtra med påvist Cs-137 ligg på  $0,2 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og maksverdien ligg på  $0,7 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .



Figur 45: Førekost av I-131 på luftfilterstasjonen på Svanhovd.


I løpet av veke 6, 10 og 33 blei det påvist I-131 med ein konsentrasjon på  $0,3$  og  $0,5$  og  $0,2 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .

## 2.2.5 Skibotn



Figur 46: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen i Skibotn.


Cs-137 blei funne på 25 av 52 filter i 2018. Stasjonen hadde ingen tekniske avvik og det var ingen resultat som skilte seg ut frå det normale dette året. Gjennomsnittsverdien på filtra med påvist Cs-137 ligg på  $0,1 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og maksverdien ligg på  $0,3 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .



Figur 47: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen i Skibotn.


I løpet av veke 3 og 10 blei det påvist I-131 med ein konsentrasjon på  $0,5$  og  $0,4 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .

## 2.2.6 Viksjøfjell



Figur 48: Førekost av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Viksjøfjell.


Cs-137 blei funne på 12 av 51 filter i 2018. Stasjonen hadde ingen tekniske avvik og det var ingen resultat som skilte seg ut frå det normale dette året. Gjennomsnittsverdien på filtra med påvist Cs-137 ligg på 0,2  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$  og maksverdien ligg på 0,6  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .



Figur 49: Førekost av I-131 på luftfilterstasjonen på Viksjøfjell.


I løpet av veke 6 og 10 blei det påvist I-131 med ein konsentrasjon på 0,5 og 0,3  $\mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .

## 2.2.7 Svalbard



Figur 50: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Svalbard.

Det blei ikkje påvist funn av Cs-137 på filter frå Svalbard i 2018. Stasjonen er ein del av CTBTO-nettverket der skifte av filter skjer dagleg. På grunn av dagleg skifte av filter er deteksjonsgrensa langt høgare enn kva som er tilfelle ved dei andre stasjonane. Aukinga i deteksjonsgrensa på sommaren skuldast tining av frost i bakken som aukar bakgrunnsstrålinga frå grunnen. Gjennomsnitt deteksjonsgrense er  $1,7 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .



Figur 51: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen på Svalbard.

Det blei ikkje påvist funn av I-131 på filter frå Svalbard i 2018. Stasjonen er ein del av CTBTO-nettverket der skifte av filter skjer dagleg. På grunn av dagleg skifte av filter er deteksjonsgrensa langt høgare enn kva som er tilfelle ved dei andre stasjonane. Aukinga i deteksjonsgrensa på sommaren skuldast tining av frost i bakken som aukar bakgrunnsstrålinga frå grunnen. Gjennomsnitt deteksjonsgrense er  $2,0 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ .

## 2.3 Nedbør

Det har ikkje blitt påvist aktivitet over deteksjonsgrensa for antropogene gammaemitterande nuklidar ved dei to stasjonane i løpet av 2018. Dette er også tilfelle for analyse av tritium.

## 2.4 Sivilforsvaret sine målelag

Sivilforsvaret sine målelag gjennomfører regelmessige bakgrunnsmålingar på faste målepunkt. Målingane blir gjennomførte med eit måleinstrument av typen Automess. Dette er eit velprøvd, robust og anerkjent instrument som også blir brukt av Forsvaret og som eignar seg godt til bakgrunnsmålingar. Det ligg føre detaljerte instruksar for korleis måling skal skje [5].

Til forskjell frå Radnett-stasjonane som er kalibrerte i ambient dose equivalent  $H^*(10)$ , er Automess-instrumenta kalibrerte i storleiken luftkerma ( $Ka$ ) og blir oppgitt med eininga  $\mu\text{Gy/h}$ . Forholdet mellom desse to storleikane er i praksis den same så lenge ein berre måler gammastråling (og korkje alfa- eller betastråling). Alle målingar som blir rapporterte frå Sivilforsvaret sine målelag er av gammastråling.


Bakgrunnsmålingane blir fortløpande rapporterte til DSA via ei nettside med informasjon om stråleintensitet, posisjon, tidspunkt, snø-djupn og eventuell nedbør på målepunktet. Totalt blei det rapportert inn 1086 måleresultat i 2018 (vedlegg 1).

På dei neste sidene følgjer kart over dei forskjellige sivilforsvarsdistrikta med målepunkt og måleverdiar plotta inn. Ein kort kommentar følgjer til kvart kart. Resultata er basert på målingar som er rapportert inn til DSA.

I tillegg til Sivilforsvaret si radiacmåleteneste rapporterer også nokre andre aktørar inn måledata til DSA. Desse aktørane har same måleutstyr som Sivilforsvaret, og måler og rapporterer inn på same måte. Det er oppretta eit målepunkt ved Strålevernet si eining på Svanhovd og utanrikstenesta har målepunkt ved ambassadane i Tokyo, Teheran og Beijing, i tillegg til generalkonsulata i Murmansk, Shanghai og Guangzhou. Det er også oppretta målepunkt hos Sysselmannen på Svalbard. Det blei utført til saman 20 målingar på desse punkta i 2018 (vedlegg 2).




## 2.4.1 Aust-Agder Siviltforsvarsdistrikt



Figur 52: Oversikt over gjennomførte målinger i Aust-Agder

I 2018 blei det rapportert 33 målinger frå 0,045 til 0,150 µGy/h, snitt av målingane er 0,082 µGy/h.

## 2.4.2 Buskerud Siviltforsvarsdistrikt




Figur 53: Oversikt over gjennomførte målinger i Buskerud

I 2018 blei det rapportert 40 målinger frå 0,037 til 0,128 µGy/h, snitt av målingane er 0,071 µGy/h.




### 2.4.3 Hedmark Sivilforsvarsdistrikt



Figur 54: Oversikt over gjennomførte målinger i Hedmark

I 2018 blei det rapportert 76 målinger frå 0,034 til 0,128 µGy/h, snitt av målingane er 0,071 µGy/h.

### 2.4.4 Hordaland Sivilforsvarsdistrikt





Figur 55: Oversikt over gjennomførte målinger i Hordaland.


I 2018 blei det rapportert 69 målinger frå 0,0325 til 0,138 µGy/h, snitt av målingane er 0,073 µGy/h.



## 2.4.5 Midtre-Hålogaland Sivilforsvarsdistrikt





Bakgrunnskart © Kartverket




Figur 56: Oversikt over gjennomførte målinger i Midtre-Hålogaland

I 2018 blei det rapportert 73 målinger frå 0,035 til 0,156  $\mu\text{Gy/h}$ , snitt av målingane er 0,061  $\mu\text{Gy/h}$ .

## 2.4.6 Møre og Romsdal Sivilforsvarsdistrikt



Bakgrunnskart © Kartverket






Figur 57: Oversikt over gjennomførte målinger i Møre og Romsdal

I 2018 blei det rapportert 60 målinger frå 0,034 til 0,086  $\mu\text{Gy/h}$ , snitt av målingane er 0,059  $\mu\text{Gy/h}$ .






### 2.4.7 Nordland Siviltforsvarsdistrikt



Figur 58: Oversikt over gjennomførte målinger i Nordland

I 2018 blei det rapportert 64 målinger frå 0,050 til 0,151  $\mu\text{Gy/h}$ , snitt av målingane er 0,073  $\mu\text{Gy/h}$ .

### 2.4.8 Nord-Trøndelag Siviltforsvarsdistrikt





Figur 59: Oversikt over gjennomførte målinger i Nord-Trøndelag


I 2018 blei det rapportert 52 målinger frå 0,033 til 0,118  $\mu\text{Gy/h}$ , snitt av målingane er 0,065  $\mu\text{Gy/h}$ .



## 2.4.9 Oppland Siviltforsvarsdistrikt





Bakgrunnskart © Kartverket




Figur 60: Oversikt over gjennomførte målinger i Oppland

I 2018 blei det rapportert 60 målinger frå 0,044 til 0,118  $\mu\text{Gy/h}$ , snitt av målingane er 0,075  $\mu\text{Gy/h}$ .

## 2.4.10 Oslo og Akershus Siviltforsvarsdistrikt



Bakgrunnskart © Kartverket




Figur 61: Oversikt over gjennomførte målinger i Oslo og Akershus

I 2018 blei det rapportert 54 målinger frå 0,030 til 0,143  $\mu\text{Gy/h}$ , snitt av målingane er 0,079  $\mu\text{Gy/h}$ .




### 2.4.11 Rogaland Siviltforsvarsdistrikt



Figur 62: Oversikt over gjennomførte målinger i Rogaland

I 2018 blei det rapportert 51 målinger frå 0,030 til 0,199 µGy/h, snitt av målingane er 0,075 µGy/h.

